



Skulen må byggjast ut for 13,2 millionar uansett. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Sjølv om ikkje halvparten eller eventuelt alle elevane ved Bringedalsbygda skule blir overflytta til Uskedalen må vår skule utbetrast for 13,2 millionar.**

**Det går det fram av utgreiinga frå rådmannen som blir lagt fram i formannskapet på Husnes i føremiddag**

Klasseromsfløyen har store roteskadar og soppangrep og må rehabiliterast. Det er berre 5 centimeter isolasjon i veggane, bygget manglar balansert ventilasjon og innvendige flater må fornyast. Flisene på golvet må skiftast og det same må vindauge og dører.

Berre lysopplegget er tilfredsstillande då dette vart skifta i samband med PCB-saneringa for få år sidan.

Hvis skulen skal kunne ta imot elevar frå Bringedalsbygda, må i tillegg klasserom, grupperom, garderober og toalett utvidast. Nye ytterveggar blir tilrådd flytta 3 meter ut. Dette fører til ein arealauke på 240 kvadratmeter, som i hovudsak gjeld klasserom og grupperom.

Oppvekstsenteret har lite utomhusareal som kan nyttast til utbyggjing. Difor vert det føreslått at administrasjonslokala og kontora vert bygd i ein ny etasje over noverande forming, heimkunnskap, administrasjon- og kontorlokale. Her vil ein få plass til arbeidsrom for personalet, kontor, pauserom og teknisk rom/plass for nytt ventilasjonsanlegg. Denne utvidinga blir på 520 kvadratmeter og total utviding vert på 760 kvadratmeter. Noverande klasseromsfløy er 600 kvadratmeter.

Ved full overføring av Bringedalsbygda må skulen byggjast ut for 8 klassar med rundt 190 elevar. Utbyggjing av skulen må hvis mogeleg realiserast samtidig med opprustinga av Undarheim skule. Uavhengig av kva løysing elevane vel, kan i så fall Bringedalsbygda leggjast ned i slutten av 2013. Dette betyr at det i budsjett og økonomiplan til hausten må leggjast inn planmidlar til Uskedalen i 2011 og investeringsmidlar dei to neste åra.

Av Ola Matti Mathisen